

Kvartalsrapport

1-2014



SpareBank
HALLINGDAL VALDRES



Kommentarar 1. kvartal 2014

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og følgjande heileigde dotterselskap

- EiendomsMægler 1 Fjellmægleren AS
- SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS
- SpareBank 1 Hallingdal Invest AS
- SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS
- SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS (tidl. HallingRegnskap AS)
- SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS (tidl. Valdres Regnskap AS)

Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapa, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 1. kvartal er samla verkknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit underskot på 0,5 mill. kroner etter goodwill-avskrivningar.

Banken eig 7,8 % av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,8 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS som er felleskontrollerte verksemdar eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapa i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 5,7 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 20,6 mill. etter 1. kvartal.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1 kvartal på 15,0 mill. kroner som tilsvarar 0,80 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er klart betre enn for tilsvarende periode i fjor. Kvartalet har vore ei normal driftsperiode utan spesielle hendingar.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 38 mill. kroner mot 30,9 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 2,03 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,82 %. Den viktigaste årsaka til den relative betringa i rentenettoen er lågare renter på banken sine innlån og gjennomførte renteendringar på utlån og innskott, spesielt for engasjement med høg risiko.

Banken har overført bustadlån for 1,6 mrd. kroner til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt). Dette utgjer 19,8 % av balanseførte og overførte lån. Legg ein i saman netto renteinntekter og provisjonsinntekter på overførte lån utgjer dette 2,37 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Netto andre driftsinntekter utgjer 18,2 mill. kroner mot 14,9 mill. i same periode i fjor. Aukn skuldast i hovudsak vekst i provisjonar på overførte lån til Boligkreditt.

Driftskostnadane i 1. kvartal aukar frå 31,3 mill. i fjor til 32,9 mill. kroner i år. Mesteparten av veksten kjem frå auke i pensjonskostnader. Talet på årsverk er om lag uendra i høve til same periode i fjor.

Resultatrekneskapa viser ein netto tapskostnad på 2,8 mill. kroner, og kjem frå ein auke i dei gruppevisse tapsnedskrivningane på utlån.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 7,6 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 9,5 % siste 12 månader.

Balanseført utlån har ein vekst frå 1. kvartal i fjor på 553 mill. kroner. Overførte lån til Boligkreditt inngår ikkje i balanseførte utlån, men tek ein med desse er auken siste året på 856 mill. kroner eller 11,8 %. I privatmarknaden er veksten i denne perioden

464 mill. eller 9,1 %. Tilsvarende tal for bedriftsmarknaden er ein vekst på 392 mill. kroner og 17,8 %. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 39,8 % av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 60,2 %. Reknar ein med overførte lån til Boligkreditt er fordelinga 31,9 % / 68,1 %.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 95,3 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,46 % av brutto utlån og har utvikla seg positivt sidan 2011. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 43,8 mill. kroner per 1. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 377 mill. kroner (obligasjonar). Dette er fordelt med 22 mill. i statsgaranterte papir, 191 mill. i obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), 117 mill. i bankobligasjonar og 47 mill. i industriobligasjonar og ansvarlege lån. Banken har ei samla aksjeportefølje på 184,2 mill. kroner. Av dette blir ei portefølje av norske og utanlandske aksjar forvalta av eksterne forvaltarar som per 1. kvartal er bokført til 42,1 mill. kroner. Banken har vidare aksjar i tilknytte konsernselskap (selskap nemnde i avsnittet om konsernet) bokført med til saman 90,3 mill. kroner. Aksjar i dotterselskap er bokført til 51,8 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av 1. kvartal er på 4.675 mill. kroner, og er ein auke på 110 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 2.852 mill. på privatmarknaden og 1.823 mill. innafor bedriftsmarknaden. Omrekna i prosent er auken siste 12 månader på 2,4 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskott/utlån) ved kvartalslutt er på 71,6 % mot 76,4 % for eit år sidan.

Banken har per 1. kvartal til saman 1.884 mill. kroner i eksterne innlån, 7 obligasjonslån på til saman 1.684 mill. kroner, eit sertifikatlån på 100 mill. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 207 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har i tillegg denne finansieringa ein oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 17,6 % ved utgangen av 1. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 12,5 %, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapa er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

I Noreg har den økonomiske veksten bremsa opp. Bremsar veksten i norsk økonomi vidare opp, og arbeidsløysa aukar markert, vil Norges Bank måtte setje ned renta. Det einaste som kan hindre eit slikt rentekutt er ein vidare oppgang i bustadprisar og kredittvekst. Etter at fleire bankar har sett ned bustadlånsrenta, har det gitt ny fart i bustadmarknaden. Me trur bustadmarknaden vil ha ein relativt flat utvikling ut året, og at styringsrenta blir helde uendra. Banken har justert ned utlåns- og innskotsrentene noko for å møte konkurrentane på pris. Denne endringa vil redusere banken sin rentenetto når endringane blir gjennomført.

Retten før kvartalslutt vart det gjort kjent at selskapet Nets Holding A/S som banken har aksjar i blir seld. Transaksjonen blir mest sannsynleg gjennomført i 2. kvartal. Ut frå avtalt pris, vil banken få ein betydeleg kursgevinst (ca 9-10 mill. avhengig av valutakurs) på aksjane som blir inntektsført når transaksjonen blir gjennomført.

Hallingdal, 31.03.14/08.05.14

Kjell Vidar Bergo Åge Sandsengen Sissel Bjørøen
Formann Nestformann

Odd Holde Tore Østlund Kristin Ourom Vidar Isungset

Resultatregneskap 1. kvartal 2014

Tal i heile 1000 kroner

| MORBANK | | | | | KONSERN | | | | | |
|----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------|
| Året 13 | 1. kv. 13 | 1. kv. 14 | 31.03.13 | 31.03.14 | | 31.03.14 | 31.03.13 | 1. kv. 14 | 1. kv. 13 | Året 13 |
| 299 099 | 68 850 | 78 253 | 68 850 | 78 253 | Renteinntekter og liknande inntekter | 77 361 | 68 163 | 77 361 | 68 163 | 295 979 |
| 157 987 | 37 874 | 40 252 | 37 874 | 40 252 | Rentekostnader og liknande kostnader | 40 235 | 38 109 | 40 235 | 38 109 | 158 016 |
| 141 112 | 30 976 | 38 001 | 30 976 | 38 001 | Netto rente- og provisjonsinntekter | 37 126 | 30 054 | 37 126 | 30 054 | 137 963 |
| 9 068 | -41 | 186 | -41 | 186 | Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk. | 6 345 | 5 807 | 6 345 | 5 807 | 24 593 |
| 62 475 | 14 288 | 17 208 | 14 288 | 17 208 | Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 17 208 | 14 288 | 17 208 | 14 288 | 62 475 |
| 2 686 | 521 | 591 | 521 | 591 | Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | 591 | 521 | 591 | 521 | 2 686 |
| 4 580 | 698 | 859 | 698 | 859 | Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir | 859 | 698 | 859 | 698 | 4 598 |
| 2 803 | 474 | 560 | 474 | 560 | Andre driftsinntekter | 21 084 | 19 326 | 21 084 | 19 326 | 70 768 |
| 76 240 | 14 898 | 18 222 | 14 898 | 18 222 | Sum andre inntekter | 44 905 | 39 598 | 44 905 | 39 598 | 159 748 |
| 217 352 | 45 874 | 56 223 | 45 874 | 56 223 | Sum driftsinntekter | 82 031 | 69 652 | 82 031 | 69 652 | 297 711 |
| 63 198 | 15 800 | 17 371 | 15 800 | 17 371 | Personalkostnader | 31 704 | 29 111 | 31 704 | 29 111 | 111 891 |
| 36 080 | 9 183 | 9 703 | 9 183 | 9 703 | Administrasjonskostnader | 9 302 | 8 892 | 9 302 | 8 892 | 35 558 |
| 3 509 | 937 | 868 | 937 | 868 | Avskrivningar mv av varige driftsmiddel | 3 951 | 3 827 | 3 951 | 3 827 | 15 223 |
| 21 906 | 5 399 | 4 975 | 5 399 | 4 975 | Andre driftskostnader | 7 699 | 7 325 | 7 699 | 7 325 | 31 504 |
| 124 693 | 31 319 | 32 917 | 31 319 | 32 917 | Sum driftskostnader | 52 656 | 49 155 | 52 656 | 49 155 | 194 176 |
| 92 659 | 14 555 | 23 306 | 14 555 | 23 306 | Resultat før tap | 29 375 | 20 497 | 29 375 | 20 497 | 103 535 |
| 10 976 | 2 890 | 2 751 | 2 890 | 2 751 | Tap på utlån, garantiar mv | 2 751 | 2 890 | 2 751 | 2 890 | 10 976 |
| -881 | 0 | 0 | 0 | 0 | Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt | 0 | 0 | 0 | 0 | -881 |
| 82 564 | 11 665 | 20 555 | 11 665 | 20 555 | Resultat etter tap | 26 624 | 17 607 | 26 624 | 17 607 | 93 440 |
| 20 860 | 3 300 | 5 600 | 3 300 | 5 600 | Skatt på ordinært resultat | 6 004 | 3 757 | 6 004 | 3 757 | 21 280 |
| 61 704 | 8 365 | 14 955 | 8 365 | 14 955 | Resultat av ordinær drift etter skatt | 20 620 | 13 850 | 20 620 | 13 850 | 72 160 |
| 61 704 | 8 365 | 14 955 | 8 365 | 14 955 | Resultat | 20 620 | 13 850 | 20 620 | 13 850 | 72 160 |

Nøkkeltal

| | MORBANK | | | |
|--|-----------|-----------|-----------|------------|
| | 1. kv. 14 | 1. kv. 13 | Året 13 | Norm 13 *) |
| RENTABILITET | | | | |
| Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital | 2,03 | 1,82 | 1,96 | 1,79 |
| Driftskostnader i % av driftsinntekter | 58,55 | 68,27 | 57,37 | 51,80 |
| Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital | 1,76 | 1,84 | 1,73 | 1,37 |
| Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad) | 9,01 | 5,16 | 8,70 | 11,07 |
| Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad) | 6,56 | 3,70 | 6,50 | 8,15 |
| Bokførte tap i % av brutto utlån | 0,04 | 0,05 | 0,67 | 0,21 |
| FINANSIERING | | | | |
| Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md. | 9,25 | 15,87 | 10,37 | 4,73 |
| Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr) | 1 613 298 | 1 309 914 | 1 556 673 | |
| Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt | 11,75 | 22,40 | 13,62 | 8,12 |
| Innskotsvekst i % siste 12 md. | 2,4 | 22,07 | 5,01 | 6,61 |
| Innskot i % av brutto utlån | 71,60 | 76,39 | 72,51 | 82,28 |
| Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md. | 9,48 | 17,96 | 10,99 | 5,01 |
| SOLIDITET | | | | |
| Netto ansvarleg kapital (1000 kr) | 943 949 | 903 817 | 946 868 | |
| Kapitaldekning | 17,57 | 17,34 | 17,72 | 18,45 |
| Eigenkapitalprosent | 12,75 | 13,20 | 12,85 | 9,75 |
| Nedskrivning i % av brutto utlån | 0,67 | 0,65 | 0,67 | 0,73 |

*) Byggjer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

Dotterselskap

Tal i heile 1000 kroner

| DRIFTSINNTEKTER | 31.03.14 | 31.03.13 | Endring | RESULTAT FØR SKATT | 31.03.14 | 31.03.13 | Endring |
|--|----------|----------|---------|---|----------|----------|---------|
| EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS | 6 471 | 5 334 | 1 137 | EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS | 611 | 532 | 79 |
| SpareBank 1 Hallingdal Eigeendom AS | 2 179 | 2 440 | -261 | SpareBank 1 Hallingdal Eigeendom AS | 82 | 319 | -237 |
| SpareBank 1 Hallingdal Invest AS | 0 | 0 | 0 | SpareBank 1 Hallingdal Invest AS | -244 | -191 | -52 |
| SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS | 9 722 | 8 795 | 927 | SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS | 1 170 | 833 | 337 |
| SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS | 5 102 | 5 149 | -47 | SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS | 388 | 371 | 17 |
| SpareBank 1 ValHall Eigeendomsutvikling AS * | 534 | 85 | 449 | SpareBank 1 ValHall Eigeendomsutvikling AS* | -510 | -14 | -496 |
| Sum | 24 008 | 21 803 | 2 205 | Sum | 1 497 | 1 850 | -353 |

*) Selskapet starta i 2013

Balanse per 31. mars 2014

Tal i heile 1000 kroner

| MORBANK | | | | KONSERN | | |
|------------------|------------------|------------------|--|------------------|------------------|------------------|
| 31.12.13 | 31.03.13 | 31.03.14 | EIGEDELAR | 31.03.14 | 31.03.13 | 31.12.13 |
| 77 975 | 77 515 | 223 295 | Kontantar og fordringar på sentralbankar | 223 295 | 77 516 | 77 975 |
| 79 161 | 186 555 | 114 334 | Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 114 539 | 187 076 | 79 338 |
| 6 544 737 | 5 976 330 | 6 529 371 | Brutto utlån til og fordringar på kundar | 6 420 352 | 5 887 021 | 6 451 412 |
| -15 052 | -12 940 | -12 512 | - Individuelle nedskrivningar | -12 512 | -12 940 | -15 052 |
| -28 500 | -25 500 | -31 300 | - Gruppevise nedskrivningar | -31 300 | -25 500 | -28 500 |
| 6 501 185 | 5 937 890 | 6 485 559 | Netto utlån til og fordringar på kundar | 6 376 540 | 5 848 581 | 6 407 860 |
| 22 099 | 2 482 | 22 099 | Overtekne eigedelar | 22 099 | 2 482 | 22 099 |
| 359 014 | 350 951 | 377 014 | Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir | 377 014 | 350 951 | 359 014 |
| 180 495 | 153 217 | 184 198 | Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning | 199 272 | 153 626 | 195 571 |
| 90 326 | 101 266 | 90 326 | Eigarinteresser i tilknytt selskap | 154 238 | 167 709 | 148 579 |
| 52 294 | 54 087 | 51 795 | Eigarinteresser i konsernselskap | - | - | - |
| 2 602 | 3 156 | 2 602 | Immatrielle eigedelar | 26 260 | 33 523 | 27 976 |
| 15 833 | 23 626 | 15 706 | Varige driftsmidar | 120 209 | 110 211 | 117 987 |
| 15 141 | 33 492 | 12 273 | Andre eigedelar | 27 968 | 49 432 | 30 836 |
| 51 890 | 42 232 | 47 375 | Forskotsbetalingar og opptente inntekter | 75 355 | 65 982 | 78 851 |
| 7 448 015 | 6 966 469 | 7 626 576 | Sum eigedelar | 7 716 789 | 7 047 089 | 7 546 086 |
| | | | GJELD OG EIGENKAPITAL | | | |
| 100 000 | 250 000 | 100 000 | Gjeld til kredittinstitusjonar | 100 000 | 251 083 | 113 067 |
| 4 745 742 | 4 565 326 | 4 675 020 | Innskot frå og gjeld til kundar | 4 669 473 | 4 560 126 | 4 741 537 |
| 1 559 053 | 1 142 456 | 1 784 165 | Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir | 1 784 165 | 1 142 456 | 1 559 053 |
| 59 207 | 35 420 | 44 663 | Anna gjeld | 48 553 | 48 692 | 63 076 |
| 14 812 | 38 656 | 37 168 | Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter | 48 340 | 42 502 | 24 959 |
| 11 985 | 14 781 | 13 389 | Avsetningar til forpliktingar og kostnader | 18 219 | 18 644 | 17 020 |
| 6 490 799 | 6 046 639 | 6 654 405 | Sum gjeld | 6 668 750 | 6 063 503 | 6 518 712 |
| 805 700 | 805 700 | 805 700 | Eigenkapitalbevis | 805 700 | 805 700 | 805 700 |
| 75 000 | 75 000 | 75 000 | Grunnfondskapital | 75 000 | 75 000 | 75 000 |
| 7 406 | 2 069 | 7 406 | Andel resultat grunnfondskapital | 7 406 | 2 069 | 7 406 |
| 11 581 | 11 581 | 11 581 | Overkursfond | 11 581 | 11 581 | 11 581 |
| 899 687 | 894 350 | 899 687 | Sum innskote kapital | 899 687 | 894 350 | 899 687 |
| - | - | - | Fond for vurderingsulikheter | 78 500 | 66 443 | 72 842 |
| - | - | - | Anna eigenkapital | -8 298 | -8 172 | -2 684 |
| 11 739 | 12 292 | 11 739 | Gåvefond | 11 739 | 12 292 | 11 739 |
| 44 614 | 3 678 | 44 614 | Utljæmningsfond | 44 614 | 3 678 | 44 614 |
| 1 176 | 1 145 | 1 176 | Kompensasjonsfond | 1 176 | 1 145 | 1 176 |
| 57 529 | 17 115 | 57 529 | Sum bundne fond / frie fond | 127 731 | 75 386 | 127 687 |
| - | 8 365 | 14 955 | Resultat hittil | 20 621 | 13 850 | - |
| 957 216 | 919 830 | 972 171 | Sum eigenkapital | 1 048 039 | 983 586 | 1 027 374 |
| 7 448 015 | 6 966 469 | 7 626 576 | Sum gjeld og eigenkapital | 7 716 789 | 7 047 089 | 7 546 086 |
| | | | POSTAR UTANOM BALANSEN | | | |
| 632 109 | 623 732 | 651 154 | Betinga forpliktingar | 651 154 | 623 732 | 632 109 |

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

| | MORBANK | | |
|---|---------------|---------------|---------------|
| | 1. kv. 14 | 1. kv. 13 | Året 13 |
| MISLEGHALDNE LÅN | | | |
| Brutto misleghaldne lån | 95 266 | 110 181 | 105 462 |
| - individuelle nedskrivning | 10 930 | 11 156 | 13 425 |
| NETTO MISLEGHALDNE LÅN | 84 336 | 99 025 | 92 037 |
| IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING | | | |
| Brutto utlån | 3 270 | 1 279 | 3 300 |
| - individuelle nedskrivning | 1 500 | 781 | 1 500 |
| NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR. | 1 770 | 498 | 1 800 |
| TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR | | | |
| Endring gruppe nedskrivning | 2 800 | 3 000 | 6 000 |
| Endring individuell nedskrivning | -2 500 | -519 | 3 136 |
| Konstatert tap i perioden | 2 500 | 3 692 | 5 413 |
| Inngått på tidl.konst. tap | -49 | -3 283 | -3 573 |
| TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+) | 2 751 | 2 890 | 10 976 |

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

